



Korleis skal vi vurdera framtidens arealbruk?

Metodeskildring



Øygarden kommune

Vurdering av byggeområde

Planvask

Som del av arbeidet med arealdelen skal vi vurdere ubygde arealformål i gjeldende arealdel til kommuneplanen og urealiserte reguleringsplanar. Dette arbeidet skal gjennomførast i følgjande steg:

1. Identifisera ubygde areal og reguleringsplanar – planreserven (samsvarar med ubygd areal/planreserve definert gjennom arealrekneskapen).
2. Samanstill planreserven mot arealstrategiane i samfunnsdelen med senterstruktur og strategiane for verdiar vi skal bevara og utvikling for framtida. (GIS-analysar og manuell gjennomgang.)
3. GIS-analysane og gjennomgangen vil visa konflikhtar mellom arealbruk og strategiar.
4. Byggeområda i arealdelen som ikkje samsvarar med, eller følgjer opp strategiane og senterstruktur skal vi ta ut.
5. Urealiserte reguleringsplanar som ikkje samsvarar med eller følgjer opp strategiane og senterstruktur skal vi ta ut.

Grovsiling av arealinnspelet

Arealinnspelet om nye utbyggingsområde som ikkje er i tråd med arealstrategiane i samfunnsdelen og senterstrukturen i Øygarden eller strategiane for verdiar vi skal bevara og utvikling for framtida, skal vi sila vekk tidleg i planarbeidet, også kalla for grovsiling.

Grovsilinga av arealinnspelet skal gjennomførast i følgjande steg:

1. Samanstill arealinnspelet om byggeområde mot arealstrategiane i samfunnsdelen med senterstruktur og strategiane for verdiar vi skal bevara og utvikling for framtida (GIS-analysar).
2. GIS-analysane vil visa konflikhtar mellom innspelet om ny arealbruk og strategiar.
3. Innspelet om byggeområde som ikkje samsvarar med eller følgjer opp strategiane og senterstruktur vert silte vekk.

Arealinnspelet som ikkje vert silte vekk, og som inneber nye utbyggingsareal eller fører til vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområde skal konsekvensutgreiast. Resultatet av konsekvensutgreiinga vil svara ut om arealinnspelet skal innarbeidast i den nye arealdelen eller ikkje.

Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga skal gjennomførast som ein analyse av ulike tema, jf. forskrift om konsekvensutgreiing §21. Alle arealinnspeil/ny arealbruk skal også vurderast opp i mot målsettingar i samfunnsdelen og arealstrategiane med senterstruktur. I tillegg skal vi vurdere om dei støtter opp under strategiane for verdiar vi skal bevare og utvikling for framtida.

Tema i konsekvensutgreiinga

Med utgangspunkt forskrift om konsekvensutgreiing §21 har Øygarden kommune vald ut følgjande tema som skal konsekvensutgreiast:

	Tema	Metode for utgreiing
MILJØ	Naturverdiar <i>Naturmangfald jf. naturmangfaldslova, nasjonale miljømål</i>	M-1941
	Landskap <i>Natur- og kulturlandskap</i>	
	Vassmiljø <i>Vassmiljø jf. vassforskrifta, naturverdiar i vatn, vassdrag og strandsona</i>	
	Kulturmiljø <i>Kulturminne, kulturmiljø, arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet</i>	
	Forureining <i>Utslepp/forureining, klimagassutslepp, støy, klima og miljø</i>	
	Klimagassutslepp	
	Friluftsliv <i>Friluftsliv, tilgjengelegheit for alle, grønstruktur og nærmiljø</i>	
SAMFUNN	Bruk av naturressursar <i>Landbruksjorda, skogbruk, fiske og mineralressursar</i>	V712
	Transport <i>Trafikktryggleik, transportbehov og klimagassutslepp</i>	
	Teknisk infrastruktur <i>Veg, vatn, avlaup og straum</i>	
	Folkehelse	
	Barn og unges oppvekstmiljø <i>Skuleveg og trafikktryggleik, aktivitetstilbod, nærmiljø</i>	

Samfunnstryggleik, beredskap, ulykkesrisiko og konsekvensar av klimaendringar er del av ROS-analysen.

Bruk av metode

Vurdering av kunnskapsgrunnlag

Verdivurderingane i konsekvensutgreiing skal ta utgangspunkt i kjent kunnskap som er tilgjengeleg i ulike rettleiarar, offentlege kart- og geodatabasar, lokalt kunnskapsgrunnlag om verdier og utvikling i Øygarden - med GIS-analysar, resultat frå medverknadsarbeid og anna lokal kunnskap. Kunnskapen som følgjer dei ulike innspela om endra arealbruk, vil også vera nyttig for vurderingane.

Det samla kunnskapsgrunnlaget for Øygarden er innhaldsrikt og godt for ein overordna konsekvensanalyse. Her kan vi trekka fram at store delar av Øygarden har nyare kartleggingar av naturtypar etter miljødirektoratet sin instruks (2021-2024), og den siste kartlegginga som er av nordre Litlesotra vil vera klar i løpet av 2025. Dei delane som framleis burde vore kartlagd er øyene Nordøyna, Hernar, Lyngøyna og i nord, og Lerøyna, Bjelkarøyna, Tyssøy, og størstedelen av Bjorøy og søre delen av Litlesotra. Nordre Bildøyane er kartlagd i samband med planarbeidet for Bildetangen (ikkje gjort etter miljødirektoratet sin instruks), og det er gjort nokre kartleggingar i samband med Sotrasambandet. Det manglar kartleggingar av søre Bildøyna.

I 2016 og i 2017 vart det gjort eit omfattande arbeid med å kartlegga og verdsetta friluftsområda i alle dei tre gamle kommunane. Her er friluftsområda kategorisert ut i frå om dei er svært viktige, viktige eller registrerte friluftsområde. Resultatet frå dette arbeidet viser at ein stor del av friluftsområda i Øygarden er vurderte til å vera svært viktige. Det pågår arbeid med å vidareutviklinga metodikken for regional friluftskartlegging, men det er usikkert om vi vil ha eit oppdatert kunnskapsgrunnlag til vi skal gjennomføra konsekvensutgreiinga.

Øygarden manglar også nyare kunnskap om naturmangfald i sjø og marine naturtypar. Kysten av Øygarden har vore kartlagd i samband med nasjonalt program for kartlegging av marint mangfald, og kartleggingane hos oss vart gjennomført i 2003 til 2019. Frå denne kartlegginga har vi eldre kunnskap om nokre naturtypar i sjø, også nokre spesielt skjeldne artar.

Kunnskap og kjelder som vert lagt til grunn for dei ulike temaa i konsekvensutgreiinga vert vist i tabellane nedanfor.

Vurdering av enkeltområde

Nedanfor viser vi korleis dei ulike temaa skal vurderast ut i frå kriteria for verdier som skal vurderast, vurdering av påverknad og konsekvensutgreiinga.

Naturverdiar			
Naturmangfald jf. naturmangfaldslova, nasjonale miljømål			
Tema og datagrunnlag Kunnskapsgrunnlag og kjelder	Verdiar som skal vurderast Viktige miljø- og samfunnsverdiar i føreslått område	Kva skal vurderast? Påverknadsfaktorar	Konsekvensutgreiinga Verknadar ei framtidig utbygging vil kunna føra med seg for desse verdiane
- Naturtypekartlegging - Naturbase - Økologiske grunnkart - Artsdatabanken - Naturskog - Vann-nett og Regional plan - for vassforvalting - Viltet i Fjell, Sund og Øygarden - Kunnskapsgrunnlag om naturen i Øygarden, med GIS analysar - Synfaringar og lokalkunnskap	Verditabell for naturmangfald i M-1941 skal nyttast. Verdi skal settast ut frå kriteria som ligg i nasjonal kunnskap om: - Vern og område med bandlegging - Naturtypar kartlagd etter Miljødirektoratet sin instruks (NiN). - Arter med funksjonsområde - Landskapsøkologiske samanhengar - Geotopar (landformer) - Geologisk arv/ geostadar	Naturmangfaldlova §§ 8-12: Føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturverdiar og -mangfald? Dersom ikkje må denne kunnskapen innhentast før området kan takast i bruk. Ansvarer ligg til den som foreslår byggeområdet. Følgjande påverknadsfaktorar skal vurderast: - Arealbeslag - Fragmentering av leveområde - Forureining (inkl. støy og lys) - Auka aktivitet - Kanteffektar - Fremmande organismar - Klimaendringar Avbøtande tiltak skal vurderast der planlagt byggeformål påverkar naturverdiar negativt.	Tabell i M-1941 – samla konsekvens: Kritisk negativ konsekvens: Forringar eller øydelegg nasjonalt eller internasjonalt viktig naturmangfald innanfor influensområdet. Svært stor negativ konsekvens: Forringar eller øydelegg nasjonalt viktig naturmangfald. Stor negativ konsekvens: Fører til stor negativ konsekvens for naturmangfald innanfor influensområdet. Middels negativ konsekvens: Fører til middels negativ konsekvens for naturmangfald innanfor influensområdet. Noko negativ konsekvens: Fører til noko negativ konsekvens for naturmangfald innanfor influensområdet. Lite konflikt med naturmangfald innanfor influensområdet. Ubetydeleg konsekvens: Vil ikkje føra til vesentlege endringar for naturmangfaldet i influensområdet. Positiv konsekvens: Skal nyttast der delområde som er gitt ubetydeleg eller noko verdi får noko eller middels auka verdi som følge av tiltaket. Er ei betring for naturmangfaldet. Stor positiv konsekvens: Skal nyttast der delområde som er gitt ubetydeleg eller noko verdi får svært stor auke i verdi som følge av tiltaket. Er ei stor betring for naturmangfaldet.

Landskap			
Natur- og kulturlandskap			
Tema og datagrunnlag Kunnskapsgrunnlag og kjelder	Verdiar som skal vurderast Viktige miljø- og samfunnsverdiar i føreslått område	Kva skal vurderast? Påverknadsfaktorar	Konsekvensutgreiinga Verknadar ei framtidig utbygging vil kunna føra med seg for desse verdiane
• Landskapsanalyse for Øygarden • Kartforteljinga verdiar vi skal ta vare på i Øygarden • Naturtypekartlegging • Naturbase • Økologiske grunnkart • NGU – Geologiske kart • Naturskog • Kilden (NIBIO – Utvalgte kulturlandskap i jordbruket) • NIBIOS Landskapsregioner - Nibio • Kommunekart - topografi og arealressurskart • Synfaringar og lokalkunnskap	Verditabell for landskap i M-1941 skal nyttast. Følgande verdiar skal vurderast: • Inngrepsgrad • Naturvariasjon • Landemerke • Mangfald • Særpreg • Samanhengar • Tilhøyrslle/identitet • Visuell karakter	Følgjande påverknadsfaktorar skal vurderast: • Synleg påverknad • Fragmentering • Skala • Formgiving • Tilhøyrslle/identitet. Avbøtande tiltak skal vurderast der planlagt byggeformål påverkar landskapet negativt.	Tabell i M-1941 – samla konsekvens: Kritisk negativ konsekvens: Fører til kritisk skade på landskapet innanfor influensområdet. Skal berre nyttast for område som er gitt stor eller svært stor verdi. Svært stor negativ konsekvens: Forringar eller øydelegg nasjonalt viktig landskap. Skal berre nyttast for område som er gitt stor eller svært stor verdi. Stor negativ konsekvens: Fører til stor negativ konsekvens for landskap innanfor influensområdet. Middels negativ konsekvens: Fører til middels negativ konsekvens for landskap innanfor influensområdet. Noko negativ konsekvens: Fører til noko negativ konsekvens for landskap innanfor influensområdet. Lite konflikt med landskap utanfor influensområdet. Ubetydeleg konsekvens: Vil ikkje føra til vesentlege endringar for landskap i influensområdet. Positiv konsekvens: Skal nyttast der delområde som er gitt ubetydeleg eller noko verdi får noko eller middels auka verdi som følge av tiltaket. Er ei betring for landskapet. Stor positiv konsekvens: Skal nyttast der delområde som er gitt ubetydeleg eller noko verdi får svært stor auke i verdi som følge av tiltaket. Er ei stor betring for landskapet.

Vassmiljø <i>Vassmiljø jf. vassforskrifta, naturverdiar i vatn, vassdrag og strandsona</i>			
Tema og datagrunnlag <i>Kunnskapsgrunnlag og kjelder</i>	Verdiar som skal vurderast <i>Viktige miljø- og samfunnsverdiar i føreslått område</i>	Kva skal vurderast? <i>Påverknadsfaktorar</i>	Konsekvensutgreinga <i>Verknadar ei framtidig utbygging vil kunna føra med seg for desse verdiane</i>
- Vann-nett - NVE-atlas - Regional plan for vassforvaltning Vestland Kunnskapsgrunnlag vassmiljøa i Øygarden Kartforteljinga klima og miljø - Marine naturtypar DN19 - Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø Strandsonerettileiar for Vestland fylke Strandsonkartlegging i Øygarden - Kartforteljinga verdiar i Øygarden - Kartforteljinga aktivitetar i strandsona - Synfaringar og lokalkunnskap	Verditabell M-1941 skal nyttast. Følgande verdiar skal vurderast: - Elv, innsjø, grunnvatn og kystvatn (Vassførekomststar jf. Vassforskrifta) - Naturtypar etter HB13 og HB19 - Artar med økologiske funksjons-område - Inngrepsgrad og privatisering - Verdifull strandsona - Særpreg	Naturmangfaldlova §§ 8-12: Føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturverdiar og -mangfald? Dersom ikkje må denne kunnskapen innhentast før området kan takast i bruk. Ansvar er ligg til den som foreslår byggeområdet. Følgjande påverknadsfaktorar skal vurderast: - Fysiske inngrep eller endring i vassføring - Inngrep i nærleiken - Forureining - Miljøgifter - Framande organismar - Påverknad på artar og naturtype - Tilgjenge til strandsona og vassdrag Avbøtande tiltak skal vurderast der planlagt byggeformål påverkar naturverdiar negativt. Ved stor påverknad skal § 12 i vassforskrifta vurderast.	Tabell i M-1941 – samla konsekvens: Kritisk negativ konsekvens: Fører til kritisk skade eller øydelegging av nasjonalt eller internasjonalt viktige verdiar innanfor influensområdet. Skal berre nyttast for område med registreringar av stor eller svært stor verdi, eller der samla belastning er svært stor. Svært stor negativ konsekvens: Forringar eller øydelegg nasjonalt viktige verdiar. Skal berre nyttast for område med registreringar av stor eller svært stor verdi, eller der samla belastning er stor. Stor negativ konsekvens: Fører til stor negativ konsekvens for verdiar innanfor influensområdet. Middels negativ konsekvens: Fører til middels negativ konsekvens for verdiar innanfor influensområdet. Noko negativ konsekvens: Fører til noko negativ konsekvens for verdiar innanfor influensområdet. Lite konflikt med verdiar innanfor influensområdet. Ubetydeleg konsekvens: Vil ikkje føra til vesentlege endringar for verdiar i influensområdet. Positiv konsekvens: Skal nyttast der delområde som er gitt ubetydeleg eller noko verdi får noko eller middels auka verdi som følge av tiltaket. Ei betring for verdiar. Stor positiv konsekvens: Skal nyttast der delområde som er gitt ubetydeleg eller noko verdi får svært stor auke i verdi som følge av tiltaket. Stor betring for verdiar.

Kulturmiljø <i>Kulturminne, kulturmiljø, arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet</i>			
Tema og datagrunnlag <i>Kunnskapsgrunnlag og kjelder</i>	Verdiar som skal vurderast <i>Viktige miljø- og samfunnsverdiar i føreslått område</i>	Kva skal vurderast? <i>Påverknadsfaktorar</i>	Konsekvensutgreiinga <i>Verknadar ei framtidig utbygging vil kunna føra med seg for desse verdiane</i>
- Kulturminneplanar frå dei tidlegare kommunane - Pågåande planarbeid for Kulturmiljøplan for Øygarden - Askeladden - SEFRAK registreringa og oversikt over freda bygg - Synfaringar og lokalkunnskap	Verditabell M-1941 skal nyttast. Følgande verdiar skal vurderast: Kulturverdiar, kunnskapsverdiar, verdiar av opplevingar og bruksverdiar skal nyttast som vurderingskriteria: - Kjeld til historia - Tru og tradisjon - Sosiale grupper og samanhengar - Fasar og verksemder - Byggeskikk, arkitektur og kunst - Kulturhistorisk samanheng og samanhengen natur/kultur - Bruk og moglegheiter for bruk	I samsvar med kulturminnelova, skal vi ta vare på kulturminne og kulturmiljø ved utbygging. Følgjande påverknadsfaktorar skal vurderast: - Direkte inngrep eller arealbeslag - Nærverknader – fysiske og visuelle Visuell fjernverknad - Utforming av tiltak/utbygging	Tabell i M-1941 – samla konsekvens: Kritisk negativ konsekvens: Fører til kritisk skade på kulturmiljøet innanfor influensområdet. Skal berre nyttast for område med registreringar av stor eller svært stor verdi. Svært stor negativ konsekvens: Forringar eller øydelegg nasjonalt viktige kulturmiljø. Skal berre nyttast for område med kulturmiljø av stor eller svært stor verdi. Stor negativ konsekvens: Fører til stor negativ konsekvens for kulturmiljø innanfor influensområdet. Middels negativ konsekvens: Fører til middels negativ konsekvens for kulturmiljø innanfor influensområdet. Noko negativ konsekvens: Fører til noko negativ konsekvens for kulturmiljø innanfor influensområdet. Lite konflikt med kulturmiljø innanfor influensområdet. Ubetydeleg konsekvens: Vil ikkje føra til vesentlege endringar for kulturmiljø i influensområdet. Positiv konsekvens: Skal nyttast der delområde som er gitt ubetydeleg eller noko verdi får noko eller middels auka verdi som følge av tiltaket. Er ei betring for kulturmiljø. Stor positiv konsekvens: Skal nyttast der delområde som er gitt ubetydeleg eller noko verdi får svært stor auke i verdi som følge av tiltaket. Er ei stor betring for kulturmiljø.

Forureining <i>Utslepp/forureining, støy, klima og miljø</i>			
Tema og datagrunnlag <i>Kunnskapsgrunnlag og kjelder</i>	Verdiar som skal vurderast <i>Viktige miljø- og samfunnsverdiar i føreslått område</i>	Kva skal vurderast? <i>Påverknadsfaktorar</i>	Konsekvensutgreinga <i>Verknadar ei framtidig utbygging vil kunna føra med seg for desse verdiane</i>
- Kart frå Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) - Naturbase – grunnforureining - Nasjonale rettleiar om støy T1442/2021 - Kommuneveilederen for klima og miljø - Lokale støykart - Støykart Statens vegvesen - Nasjonale klima- og miljømål - Støysonekart - Regional plan for klima 2022–2035 - Kunnskapsgrunnlag til planstrategien til Øygarden 2023-2027 Kartforteljinga om klima og miljø i Øygarden	Støy, luftforureining og forureina grunn. Forureining i vatn ligg til konsekvensutgreinga av vassmiljø. Korleis vert helsa vår påverka av støy, og kva konsekvensar kan støy føra til? (Jf. T-1442) Forureina grunn skal konsekvensutregiast i dei tilfella der forureininga er så krevjande å handtera at er behov for å avklara om forureininga kan handterast på ein akseptabel måte, om oppryddinga vil krevja særlege føringar eller om det er så store tekniske utfordringar at det ikkje er realistisk å rydda opp til eit akseptabelt nivå av restforureining i slike område,	Ulike typar forureining som støv og lukt, utslepp til luft, landbruksforureining, grunnforureining og har mykje å sei for om eit område eignar seg til utbygging. Vi må også ta stilling til i kva grad ny arealbruk vil kunna skape forureining for omgjevnadane.	Tabell i M-1941 – samla konsekvens: Kritisk negativ konsekvens: Fører til svært stor negativ konsekvens innanfor influensområdet. Svært stor negativ konsekvens: Fører til stor negativ konsekvens innanfor influensområdet. Stor negativ konsekvens: Fører til stor negativ konsekvens innanfor influensområdet. Middels negativ konsekvens: Fører til middels negativ konsekvens innanfor influensområdet. Noko negativ konsekvens: Fører til noko negativ konsekvens innanfor influensområdet. Ubetydeleg konsekvens: Vil ikkje føra til vesentlege endringar for innanfor influensområdet. Positiv konsekvens: Vil ha positiv konsekvens innanfor influensområdet. Stor positiv konsekvens: Vil ha stor positiv konsekvens innanfor influensområdet.

Klimagassutslepp			
Tema og datagrunnlag <i>Kunnskapsgrunnlag og kjelder</i>	Verdiar som skal vurderast <i>Viktige miljø- og samfunnsverdiar i føreslått område</i>	Kva skal vurderast? <i>Påverknadsfaktorar</i>	Konsekvensutgreiinga <i>Verknadar ei framtidig utbygging vil kunna føra med seg for desse verdiane</i>
- Kommuneveilederen for klima og miljø - Nasjonale klima- og miljømål - miljøstatus - Regional plan for klima 2022–2035 Kunnskapsgrunnlag til planstrategien til Øygarden 2023-2027 Kartforteljinga om klima og miljø i Øygarden - NIBIO – klimagasskalkulato - Arealrekneskapen for Øygarden - Naturbase - Klimakost - Direktoratet for byggekvalitets veileder for klimagassregnskap Kommunekart, lokalkunnskap - Grunnkart for arealrekneskap	I konsekvensutgreiinga om klimagassutslepp skal vi vurderast og dokumentera kva utslepp arealbruken vår vil føra til.	Følgande påverknadsfaktorar skal vurderast: - Arealbruksendringar - Utslepp frå bygge- og anleggsfase - Energiløysingar/ -forbruk - Materialbruk i bygningar Utgreiinga skal vise korleis utsleppa vert fordelte over tid. Vi skal nytta Vestland fylkeskommune og NIBIO sine brukar Agder klimagass kalkulatorar: Utslepp tonn CO₂e første år, og totalt utslepp på 20 år.	Tabell i M-1941 – samla konsekvens: Svært stor negativ konsekvens: Utslepp meir enn 100 000 tonn CO₂-ekv. Stor negativ konsekvens: Utslepp meir enn 50 000 tonn CO₂-ekv Middels negativ konsekvens: Utslepp meir enn 15 000 tonn CO₂-ekv Noko negativ konsekvens: Utslepp meir enn 2 000 tonn CO₂-ekv Ubetydeleg konsekvens: Positiv konsekvens: Opptak meir enn 2 000 tonn CO₂-ekv Stor positiv konsekvens: Opptak meir enn 50 000 tonn CO₂-ekv

Friluftsliv <i>Friluftsliv, tilgjengelegheit for alle, grønstruktur og nærmiljø</i>			
Tema og datagrunnlag <i>Kunnskapsgrunnlag og kjelder</i>	Verdiar som skal vurderast <i>Viktige miljø- og samfunnsverdiar i føreslått område</i>	Kva skal vurderast? <i>Påverknadsfaktorar</i>	Konsekvensutgreiinga <i>Verknadar ei framtidig utbygging vil kunna føra med seg for desse verdiane</i>
- Regional kartlegging av friluftsområde - Friluftslivets ferdselsårer (pågande) - Ro- og padleled (pågande) Kunnskapsgrunnlag friluftsliv i Øygarden - Kunnskapsgrunnlag medverknad i lokalsentera, kommunedelsentera og bygdene Barnetråkk - Kartforteljing verdiar vi skal ta vare på i lokal- og kommunedelsentera - Kartforteljing verdiar vi skal ta vare på i bygdene - Statleg sikra friområde - Kartlagde stiar, badeplassar m.m. - Synfaringar og lokalkunnskap. - Kartlagd strandsone – verdifull strandsone	Verditabell for landskap i M-1941 skal nyttast. Følgande verdiar skal vurderast: - Brukarfrekvens - Lokal og regional betyding - Kvalitetar - Tilgjenge og universell utforming - Samanhengane område	Følgjande påverknadsfaktorar skal vurderast: - Endring i attraktivitet - Arealbeslag - Tilgjenge - Forureining - Funksjon - Endring av ferdsel Avbøtande tiltak skal vurderast der planlagt byggeformål påverkar friluftslivet negativt.	Tabell i M-1941 – samla konsekvens: Kritisk negativ konsekvens: Fører til kritisk skade på friluftslivet innanfor influensområdet. Skal berre nyttast for område som er gitt stor eller svært stor verdi. Svært stor negativ konsekvens: Forringar eller øydelegg nasjonalt viktige friluftsliv. Skal berre nyttast for område som er gitt stor eller svært stor verdi. Stor negativ konsekvens: Fører til stor negativ konsekvens for friluftsliv innanfor influensområdet. Middels negativ konsekvens: Fører til middels negativ konsekvens for kulturmiljø innanfor influensområdet. Noko negativ konsekvens: Fører til noko negativ konsekvens for friluftsliv innanfor influensområdet. Ubetydeleg konsekvens: Vil ikkje føra til vesentlege endringar for friluftsliv i influensområdet. Positiv konsekvens: Skal nyttast der delområde som er gitt ubetydeleg eller noko verdi får noko eller middels auka verdi som følge av tiltaket. Er ei betring for friluftslivet. Stor positiv konsekvens: Skal nyttast der delområde som er gitt ubetydeleg eller noko verdi får svært stor auke i verdi som følge av tiltaket. Er ei stor betring for friluftslivet.

Bruk av naturressursar <i>Landbruksjorda, skogbruk, fiske og mineralressursar</i>			
Tema og datagrunnlag <i>Kunnskapsgrunnlag og kjelder</i>	Verdiar som skal vurderast <i>Viktige miljø- og samfunnsverdiar i føreslått område</i>	Kva skal vurderast? <i>Påverknadsfaktorar</i>	Konsekvensutgreiinga <i>Verknadar ei framtidig utbygging vil kunna føra med seg for desse verdiane</i>
• Markslagkart AR5 • Kjerneområde landbruk/omsynssoner landbruk • NGU (grus-, pukk-, og steintippdatabase og mineralressursar) • Kunnskapsgrunnlag landbruksjorda i Øygarden • Landskapsanalyse for Øygarden • Kartforteljinga verdiar vi skal ta vare på i Øygarden • Kilden (NIBIO – gardskart, miljøregistreringar i skog m.m.) • Kystnære fiskeridata - Fiskeridirektoratet • Marine naturtypar DN19 • Synfaringar og lokalkunnskap	Verditabell for landskap i M-1941 skal nyttast. Følgande verdiar skal vurderast: • Landbruksjorda (jordsmonn, fulldyrka, overflatedyrka, dyrkbar jord) • Utmark (skogbruk, utmarksbeite, jakt og fiske i ferskvatn) • Vatn (drikkevasskjelder og grunnvatn) • Mineralressursar (mineralressursar, pukk og Grus) • Fiskeriinteresser i sjø	Følgjande påverknadsfaktorar skal vurderast: • Påverknad på jord-, og skog og fiskeriressursar • Fordelar og ulemper for eksisterande og mogleg drift. • Krevst det omdisponering av landbruksjord, skog eller fiske/gyteområde? • Interessekonfliktar • Nasjonale jordvernmål Avbøtande tiltak skal vurderast der planlagt byggeformål påverkar landskapet negativt.	Tabell V712 – samla konsekvens: Kritisk negativ konsekvens: Svært stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samla verknadar. Høg konfliktgrad. Skal nyttast unntaksvis. Svært stor negativ konsekvens: Stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samla verknadar. Stor del av konfliktar av høg grad. Stor negativ konsekvens: Fleire alvorlege konfliktar innafor for temaet. Middels negativ konsekvens: Noko grad av konflikt. Delområde har lågare grad av konflikt. Ingen førekomst av høgare konsekvensgrad, eller dei er underordna. Noko negativ konsekvens: Liten grad av konflikt. Delområde har lågare grad av konflikt. Ingen førekomst av høgare konsekvensgrad, eller dei er underordna. Ubetydeleg konsekvens: Vil ikkje føra til vesentlege endringar for temaet. Få konfliktar, og ingen konfliktar med høgare grad av konsekvensar. Positiv konsekvens: Er i sum ei betring for temaet. Ev. negativ grad av konsekvens vert vega opp av positiv konsekvensgrad. Stor positiv konsekvens: Er ei stor betring for temaet. Ev. låg negativ grad av konsekvens vert klart vega opp av positiv konsekvensgrad.

Transport <i>Trafikktryggleik, transportbehov</i>			
Tema og datagrunnlag <i>Kunnskapsgrunnlag og kjelder</i>	Verdiar som skal vurderast <i>Viktige miljø- og samfunnsverdiar i føreslått område</i>	Kva skal vurderast? <i>Påverknadsfaktorar</i>	Konsekvensutgreiinga <i>Verknadar ei framtidig utbygging vil kunna føra med seg for desse verdiane</i>
- Kartgrunnlag - FKB og vegdatabank Mobilitetsplan Vest - Ulukseskart Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2018 Trafikksikringsplan Øygarden kommune 2025 - 2029 Barnetråkk – trafikktryggleik Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025) - Byvekstavtalen og bymiljøutredningen - Pågående arbeid med regional plan for areal og mobilitet	Følgande verdiar skal vurderast: - Trafikktryggleik - Kollektivtransport - Moglegheit for å gå og sykla - Avstand til skule, barnehage, nærturområde, idrettsanlegg, butikk og andre kvardagsaktivitetar.	Følgjande påverknadsfaktorar skal vurderast: Korleis påverkar arealbruk og utbyggingsmønster behovet for transport og trafikktryggleik? Reduserer vi eller aukar vi transportbehovet? Legg vil til rette for klima- og miljøvennlege transportformer? Legg vi til rette for eit enkelt kvardagsliv gjennom eit meir kompakt utbyggingsmønster med kort avstand mellom bustad, arbeidsmarknad, teneste- og servicetilbod?	Tabell i V712– samla konsekvens: Kritisk negativ konsekvens: Svært høg konfliktgrad. Skal nyttast unntaksvis. Svært stor negativ konsekvens: Stor del av konflikter av høg grad, gjerne høg konfliktgrad i form av store samla verknader. Stor negativ konsekvens: Bidreg til auka transportbehov, dårlege trafikkforhold og det er ikkje mogleg å oppnå tilfredsstillande trafikktryggleik ved avbøtande tiltak. Middels negativ konsekvens: Bidreg til auka transportbehov og ikkje betra trafikkforhold. Negative konsekvensar for trafikktryggleik. Noko negativ konsekvens: Kan gi endra trafikkforhold og noko auke i transportbehovet. Avbøtande tiltak for trafikktryggleik er mogleg. Ubetydeleg konsekvens: Endrar ikkje transportbehov eller trafikkforhold. Positiv konsekvens: Førar til auka trafikktryggleik og reduserer transportbehovet. Stor positiv konsekvens: Er ei stor betring for trafikktryggleik og reduserer behovet for transport i stor grad.

Teknisk infrastruktur <i>Veg, vatn, avlaup og straum</i>			
Tema og datagrunnlag <i>Kunnskapsgrunnlag og kjelder</i>	Verdiar som skal vurderast <i>Viktige miljø- og samfunnsverdiar i føreslått område</i>	Kva skal vurderast? <i>Påverknadsfaktorar</i>	Konsekvensutgreiinga <i>Verknadar ei framtidig utbygging vil kunna føra med seg for desse verdiane</i>
- Kunnskapsgrunnlag med kartgrunnlag for vass- og avløpsnett, med kapasitet til arbeidet med Kommunedelplan for vatn, avlaup og overvatn i Øygarden 2023-2035 Kartforteljing om klima og miljø - Investeringsplanen som er vedteken i Kommunedelplan for vatn, avlaup og overvatn i Øygarden 2023-2035 Kartforteljing om klima og miljø i - Kartgrunnlag straum og fiber - Kartgrunnlag - FKB og vegdatabank Regional transportplan for Vestland 2022-2033	Følgande verdiar skal vurderast: - Kapasitet i eksisterande infrastruktur - Arealbruk og utbygging som påverkar Investeringsbehov for teknisk infrastruktur.	Følgjande påverknadsfaktorar skal vurderast: Korleis påverkar arealbruk og utbyggingsmønster behovet for transport og trafikktryggleik? Reduserer vi eller aukar vi transportbehovet? Tilgang til teknisk infrastruktur som veg, vatn, avlaup, straum og internett/nett. Er det kapasitet/tilgjengeleg løysing i dag? Eller fører ny arealbruk eller utbygging til behov for ny/utbetra teknisk infrastruktur? Kva løysingar er mogleg? Utbygging og utbetring av ny infrastruktur kan innebera store investeringar og krevja betydelege terrenginngrep.	Tabell i V712– samla konsekvens: Kritisk negativ konsekvens: Svært høg konfliktgrad. Skal nyttast unntaksvis. Svært stor negativ konsekvens: Stor del av konfliktar av høg grad, gjerne høg konfliktgrad i form av store samla verknadar. Stor negativ konsekvens: Forringar bumiljø og påverkar folkehelsa i stor grad negativt. utbygging/tilrettelegging og terrenginngrep. Middels negativ konsekvens: Vil kunna verke negativt på bumiljø og moglegheita for fysisk aktivitet i dagellivet. Noko negativ konsekvens: Vil i noko grad kunna verke negativt på bumiljø og moglegheita for fysisk aktivitet i dagellivet. Tiltak for betre tilrettelegging eller erstatningstiltak er mogleg. Ubetydeleg konsekvens: Påverkar ikkje bustadmiljø, og gir ikkje negativ effekt på fysisk aktivitet i dagleglivet. Positiv konsekvens: Moglegheiter for fysisk aktivitet i dagleglivet og bidreg til helsefremmande bumiljø. Stor positiv konsekvens: Er ei stor betring for moglegheitene til fysisk aktivitet i dagleglivet og ei stor betring av helsefremmande bumiljø.

Folkehelse			
Tema og datagrunnlag <i>Kunnskapsgrunnlag og kjelder</i>	Verdiar som skal vurderast <i>Viktige miljø- og samfunnsverdiar i føreslått område</i>	Kva skal vurderast? <i>Påverknadsfaktorar</i>	Konsekvensutgreiinga <i>Verknadar ei framtidig utbygging vil kunna føra med seg for desse verdiane</i>
• Regional plan for folkehelse - fleire gode levekår for alle - 2014-2026 • Kunnskapsgrunnlag til planstrategien til Øygarden 2023-2027- med folkehelseoversikta • Folkehelseprofil • Strategisk plan for kultur, idrett og frivilligheit i Øygarden 2023-2027 • Bustadsosial plan for Øygarden 2023-2032 • Kven er vi og korleis bur vi - kartforteljing? • Avstand til veg/trafikk/støykjelder/forureining • Drikkevatn • CRPD (FN konvensjon for mennesker med nedsatt funksjonsevne)	Følgande verdiar skal vurderast: • Tilgang på møteplassar, fellesområde, grønstruktur, nærturområde, leik, idrett og kulturarenaer og rekreasjon. • Tilgang til kollektiv og gang- og sykkeltilbod. • Bumiljø og estetikk • Tilgjenge og universell utforming. • Aldersvennlege samfunn.	Følgjande påverknadsfaktorar skal vurderast: • Kan ny arealbruk og utbygging bidra til å utjamna sosiale helseforskjellar? • Bidreg den til aldersvennlege samfunn og enkle kvardagsliv for alle? • Er det korte avstandar til sentera med tenester, aktivitetstilbod, leik, tur, rekreasjon m.m.? • Bidreg den til fysisk aktivitet og mogleik for å delta i samfunnet? • Bidreg den til varierte bustadtypar og helsefremjande bumiljø?	Tabell i V712– samla konsekvens: Kritisk negativ konsekvens: Svært høg konfliktgrad. Skal nyttast unntaksvis. Svært stor negativ konsekvens: Stor del av konflikter av høg grad, gjerne høg konfliktgrad i form av store samla verknadar. Stor negativ konsekvens: Området har dårleg kapasitet eller har ikkje tilgang til eksisterande infrastruktur i nærleiken. Ikkje mogleg å etablera teknisk infrastruktur utan betydeleg utbygging/tilrettelegging og terrenginngrep. Middels negativ konsekvens: Vil krevja større investering i teknisk infrastruktur. Noko negativ konsekvens: Delvis kapasitet, kan etablerast nytt/utbetrast utan større tiltak/investeringar. Ubetydeleg konsekvens: Kapasitet på eksisterande infrastruktur. Positiv konsekvens: Fører til betra infrastruktur for eit område. Stor positiv konsekvens: Er ei stor betring for infrastruktur for eit større område.

Barn og unges oppvekstmiljø Skuleveg og trafikktryggleik, aktivitetstilbod, nærmiljø			
Tema og datagrunnlag Kunnskapsgrunnlag og kjelder	Verdiar som skal vurderast Viktige miljø- og samfunnsverdiar i føreslått område	Kva skal vurderast? Påverknadsfaktorar	Konsekvensutgreiinga Verknadar ei framtidig utbygging vil kunna føra med seg for desse verdiane
• Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging • Rettleiar - Barn og unge i plan og byggesak • Kunnskapsgrunnlag til planstrategien til Øygarden 2023-2027 - med folkehelseoversikta • Strategisk plan for kultur, idrett og frivilligheit i Øygarden 2023-2027 • Bustadsosial plan for Øygarden 2023-2032 • Kven er vi og korleis bur vi - kartforteljing? • Barnetråkk • Barnehage og skulebruksplan 2024-2040	Følgande verdiar skal vurderast: • Brukarfrekvens • Betydning • Kvalitetar • Tilgjenge og universell utforming. • Avstand til skule, barnehage, leikeområde, nærturterreng og idrettsanlegg. • Trafikktryggleik	Følgjande påverknadsfaktorar skal vurderast: • Gode og trygge oppvekstmiljø. • Utforming av areal og anlegg skal kunna nyttast av barn og unge. • Samanheng mellom grøne område, senter, bustadområde, aktivitetar og skule. • Forureining, støy, trafikkfare og andre helsefare. • Tap av eller endra tilgang på leikeareal og møteplassar.	Tabell i V712– samla konsekvens: Kritisk negativ konsekvens: Svært høg konfliktgrad. Skal nyttast unntaksvis. Svært stor negativ konsekvens: Stor del av konfliktar av høg grad, gjerne høg konfliktgrad i form av store samla verknadar. Stor negativ konsekvens: Tap av store areal/samhengande areal som vert nytta av barn og unge. Førar til betydeleg fare for oppvekstmiljøet. Erstatningsareal eller avbøtande tiltak er ikkje mogleg. Middels negativ konsekvens: Tap av område som vert nytta mykje av barn og unge. Forringa oppvekstmiljøet. Noko negativ konsekvens: Tap av mindre område som vert nytta av barn og unge, noko forringa oppvekstmiljø. Mogleg å etablera eit fullgodt erstatningsareal eller å leggja til rette for bruk i nærområdet. Ubetydeleg konsekvens: Påverkar ikkje leikeområde, møteplassar, barn- og unges interesser eller oppvekstmiljø. Positiv konsekvens: Førar til ei betring av området for barn og unge. Stor positiv konsekvens: Er ei stor betring av området for barn og unge.

Konsekvensar av samla endringar av arealbruk

Forskrift om konsekvensutgreiing §18 krev at vi vurderer dei samla verknadane av endringar av arealbruken i arealdelen til kommuneplanen. Det inneber at vi skal sjå alle endringane i samanheng, slik at vi får fram eit bilete av kva summen av arealbruksendringane betyr for miljø og samfunn i Øygarden. Dei samla konsekvensane skal visast ut i frå dei ulike fagutgreiingane for miljø og samfunn.

Samanstillinga skal visa:

- Verdier og dei viktigaste utfordringane som følgjer av arealdelen, og korleis den støttar opp under nasjonale og regionale ønskjer for framtidas utvikling.
- Korleis arealdelen vil påverka verdier-
- Konsekvensar arealdelen fører med seg for dei ulike fagtemaa.
- Usikkerheitene ved utgreiinga.
- Rangering av alternativ som vist i mal for samanstilling nedanfor:

Vurderingar av konsekvensar for alle fagtema	Nullalternativet	Alternativ 1	Alternativ 2
Naturmangfald (døme på fagtema)			
Oppvekstmiljø (døme på fagtema)			
Rangering			
Grunngjeving for rangeringa			

Risiko- og sårbarheitsanalyse

I samsvar med plan- og bygningslova § 4-3, skal vi utarbeida ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for arealdelen til kommuneplanen. ROS-analysen skal visa all risiko og sårbare forhold som er vesentleg for om arealet er eigna til bruk, eller om utbygginga vi planlegg for fører til endringar i desse forholda. Målet med denne analysen er å identifisera og førebygga uønskte hendingar. Slik at tap av liv og helse eller materielle verdiar og infrastruktur er mogleg å unngå, eller blir så små som mogleg.

Vi skal gjennomføra ein ROS-analyse for dei arealføremåla (arealinnspeil) som skal innarbeidast i ny arealdel til kommuneplanen. I analysen skal vi vurdere potensielle risikoforhold, sannsyn for at ei uønskt hending kan førekomma og moglege konsekvensar av hendinga. Vi skal ta utgangspunkt i overordna analysar og aktsemdskart, men ikkje gjennomføra ei reell farevurdering som krev synfaring eller undersøkingar ved staden. Slike analysar må følgjast opp i ein eventuell reguleringsplan. Analysen skal omfatta risiko- og sårbarheitsforhold som er vesentleg for å ivareta samfunnstryggleiken, eller ligg i nærleiken eller på anna vis kan få konsekvensar for området. Ein kombinasjon av risiko- og sårbarheitsforhold kan også gi endra konsekvensar.

ROS-analysen skal som hovudregel dokumenterast i konsekvensvurderingane. I forskrift til konsekvensutgreiinga er det krav om at vurderingar av samfunnstryggleik vert gjort i ROS-analysen. Derfor skal vi gi eit samandrag av ROS-analysen med referanse til vurderingane om er gjort, for enkeltområde og delområde i konsekvensutgreiinga.

Metode

ROS-analysen skal gjerast i samsvar med [retteleiaren til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap](#) (DSB). Analysen skal gjennomførast i fem trinn:



Samanstilling av risiko og konsekvens

ROS-analysen skal presenterast i ei risikomatrise som viser samanstilling av risiko og konsekvens. Risikomatrisa er delt inn i tre kategoriar, og illustrerer om risikoen er høg,, middels eller låg. Det er produktet av verdien for sannsyn multiplisert med verdien for konsekvens som avgjer plasseringa i matrisa.

SANNSYN	KONSEKVENSAK FOR LIV OG HELSE				FORKLARING
		Små	Middels	Store	
	Høg				
	Middels				
	Låg				

Oppfølging av ROS-analysen

Risikovurderingane vil til ein viss grad alltid vera usikre. Tilgjengeleg og relevant kunnskap i form av til dømes statistikk og erfaringar frå tilsvarande situasjonar, vil kunne påverke usikkerheita. Klimaendringar kan påverke både sannsyn og konsekvens. Derfor vil vi som ein del av ROS-analysen gi råd om førebyggjande og avbøtande tiltak som må følgjast opp i arealformål, omsynssoner eller sikringssoner, føresegner, rekkefølgjekrav eller retningslinjer, eller at det må settast krav om ytterlegare avklaringar ved utarbeiding av reguleringsplanar.